

SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

SØKNAD OM TILSKOT TIL PARKERING - MANDELHUSET EIGENDOM AS

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Arkivsak : 17/157 -

Arkivkode: 105

... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Vedlegg:	1.	Søknad dagsett 20.02.17
	2.	Budsjett
	3.	Kartskisse

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Det vert vist til vedlagt søknad om parkeringsplass for Mandelhuset Eigendom AS.

I søknaden viser søkjar til utfordringar med at det er få offentlege parkeringsplassar i Våge og dei har lite areal som enkelt kan opparbeidast til nye parkeringsplasser. Kartutsnittet som ligg ved søknaden viser at Mandelhuset får plass til 4 nye parkeringsplassar på eige område. Av desse er ein av plassane tilrettelagt for funksjonhemma og det vert lagt til rette for el-bil på ein av plassane. Løysinga inneber også at det bosskuret Mandelhuset har i dag vert fjerna og at det vert lagt opp til ein nedgraven molok. Parkeringsområde vil leggja vekt på estetikk og god utforming.

Den totale kostnaden for å leggja til rette for parkeringa er estimert til kr. 202.700,- Dei søker om kr. 120.000,- i kommunal støtte. I utgangspunktet har ikkje Tysnes kommune noko næringsfond til støtte for einskildverksemder, kommunen kan likevel vera med å tilretteleggje for turvande infrastruktur som også tener næringsinteresser. Slik tilrettelegging kan vera litt usynleg når me bidreg gjennom den delen av infrastrukturen som kommunen eig, medan det vert veldig synleg der me bidreg med støtte til at private skal kunna opparbeida infrastrukturen.

I si grunngeving for søknaden søker til tilsvarande saker i samband med Haaheim Gaard og Laukhammer Fritid. Dei viser til at det bør vera like føresetnader for verksemder i kommunen. Rådmannen er samd i at me må tilstreba mest mogleg lik handsaming av like saker, dette kan likevel ikkje stenga for at politiske vurderingar kan vera ulike i ulike valperiodar. Ser me denne saka opp mot dei to nemnde så vert desse tre sakene handsama i tre ulike valperiodar.

Uavnhelig av kva me må kunna vurderer som turvande politisk armslag må me gjera ei vurdering av kva som var grunnlaget for tilskotet som vart gjeve i dei to nemnde sakene, og kva moment som er like og ulike i sakene.

Få saker er identiske, men dei kan ha ein del felles trekk slik det var tilfelle med PS 34/10 om Haaheim Gaard og PS 10/14 om Laukhammer Fritid. Sistnemde sak resulterte også i klage vedkomande fastsetjing av beløp då tilskotet dei fekk utgjorde ein mindre prosentvis del enn tilsvarande tilskot til Haaheim Gaard. I samband med vurdering av klagen heiter det under handsaminga at:

«Ordføraren meinte at kommunen må ha eit visst armslag i denne type saker. Det vert prinsipielt også vist til at kommunen ikkje kan vera låst til vedtak i ein anna kommunestyreperiode sjølv om det kan vera ein viss likskap i sakene. Kommunestyre må ha høve til å handsama slike prosjektsøknader særskilt, vedtaket må vurderast ut frå kommunen si rolle som lokalsamfunnsutviklar og ikkje ut frå kommunen si rolle som forvaltningsorgan.»

Kommunestyre tok ikkje klagen til følgje. Det er verdt å også ha med seg at Fylkesmannen avviste klagen og mellom anna viste til følgjande i si grunngjeving:

«Basert på dei opplysningane som ligg føre finn Fylkesmannen det rimeleg klart at kommunestyret si avgjerd i den aktuelle saka ikkje var ei avgjerd av offentlegrettsleg art. Det ligg ikkje føre opplysningar som tilseier at det var søkt om stønad frå ei ordning som var forankra i formell lov eller forskrift. Det ligg heller ikkje føre opplysningar om at det ved kommunal avgjerd var etablert ei ordning der det kunne søkast om slikt tilskot. Det er ikkje opplyst at det ligg føre nokon retningslinjer eller regelverk for korleis slikt tilskot skulle tildelast. Det forhold at det éin gong for fire år sidan vart gitt stønad etter ei liknande søknad medfører etter vår meining ikkje at det kan seiast å vere etablert ei slik ordning. Det alminnelege forvaltningsrettslege prinsipp om likebehandling kan ikkje forståast slik at andre får eit rettskrav på å få behandla ein førespurnad om kommunal stønad fordi om kommunen ein gong tidlegare har løyvd slik stønad. Slik Fylkesmannen ser det hadde ikkje kommunen nokon rettsleg plikt til å realitetsbehandle søknaden.»

I si grunngjeving avviser Fylkesmannen såleis at det ligg føre ein formell presedens som avgrensar kommunen sitt formelle handlingsrom. Trass i at det ikkje ligg føre ein formell presedens så legg me til grunn at det frå politisk hald er eit ønskje om at tilsvarande saker vert handsama mest mogleg likt over tid.

For å gjera ei vurdering av den føreliggjande søknaden er det naturleg at me vurderer premissa opp mot dei to sakene der kommunen har valgt å gje tilskot.

Haaheim Gaard

I skriv av 25. mai 2010 søkte Haaheim Gaard primært om at kommunen overtok vegen opp til Haaheim og at denne var omklassifisert frå privat til kommunal veg. Det vart i søknaden vist til at vegen var kommunal inntil slutten av 80 talet. På det tidspunktet vegen vart gjort om til privat veg var det inen fastbuande igjen på Haaheim. I 2010 kunne søkjar opplysa om at det då var fire husstander med fastbuande på Haaheim, og at verksemda Haaheim Gaard også ville kunna generera noko trafikk. Etter samtaler med kommunen var det semje om at det var mest

realistisk å utbetre vegen litt og søkje om lage parkeringsplass. Kommunen hadde ikkje ønskje om å overta vegen med det driftsansvaret som føl med ei slik overføring.

Følgjande er henta frå rådmannen sitt samframlegg og er dei sentrale momenta som vart tillagt vekt i sak 34/10:

«Det er rett at mange kommunale vegar, eller deler av slike, vart nedjusterte til privatvegar på slutten av 1980 - talet. - Det var fleire grunnar til dette, blant anna som nemnt i vedlegget her at det ikkje lenger var fleire fastbuande som sokna til dei aktuelle kommunale vegane. Å oppretthalda fleire av desse heller mange kommunale sidearmene kosta ikkje uvesenlege summar i årleg drift og vedlikehald - både i form av grusing/oljegrusing, grøfing, brøyting og anna. Dette vart til slutt såpass store utgifter at kommunestyret nærast såg seg nøydd til å nedklassifisera ein god del av desse kommunale vegarmane. Eitt av kriteria som vart lagt til grunn for vedtaka var at det ikkje lenger var fastbuande som budde langs desse vegane.

På den tida kommunestyret gjorde desse vedtaka og i fleire år etter, var det mykje uro i form av skriv frå folk som eigde noko langs desse vegane. Nedklassifiseringane vart opplevde som urettferdige og det vart ved fleire høve "trua" med å gå rettens veg. Vedtaka skapte med andre ord ganske store "sår".

Med tilvising til det her nemnde bør me i det minste gå varsamt "til verks" når saker som den her føreliggjande vert lagt både på skrive- og møteborda! Me skal i tillegg utvisa ei ekstra aktsemd når me ser at det er ein av oss som sit sentralt anten i det politiske- eller administrative apparatet i kommunen som søker!

Det sistnemnde skal sjølvsagt ikkje på noka vis diskvalifisera nokon, men me bør vera vare!

Det er ofte utfordrande å handsama ei sak isolert. Me ser gjerne då ikkje så lett dei moglege konsekvensane av det me gjer. Kan det vera andre nær tilsvarande saker som ligg "latente" rundt i kommunen vår? Eit positivt vedtak i denne saka kan i tilfelle fort utløysa nye søknader kring det same!

Andre konsekvensar ved stor aktivitet på Håheim kan verta at kommunen kan få store utgifter med å vedlikehalda den kommunale vegen til Dalen. Denne kommunevegen er svært svak over myrane og til dels svak også elles. Vegen er smal og så godt som utan møteplassar. Trafikkauke vil innebera støyauke for skulen.

Til denne konkrete saka ser me at ting har endra seg sidan kommunestyret nedklassifiserte vegen til Håheim. Frå ingen fastbuande til 4 husstandar - og det siste året har det også vorte etablert ei verksemd på Håheim. Verksemda synest å utvikla seg positivt og det ligg føre relativt store planar om ekspansjon. - Verksemda har hatt stor aktivitet den korte tida ho har vore i drift, og det har vorte utvist stor kreativitet, entusiasme, skaparevne, matglede og dyktighet; og sist men ikkje minst dei personlege "snertane" og kunstnarutfoldingane som set prikken over ien! - Verksemda er ønskt i kommunen, ho er bra for kommunen både praktisk og marknadsmessig.

Verksemda er ung og har kort fartstid. Sjølv i kombinasjonen verksemd og nokre fastbuande, borgar det for tida neppe for ei kommunal overtaking av vegen.

Opp- eller nedklassifisering av vegar må generelt sjåast i ein større samanheng. Det krevst ei grundig førebuing og høyring, og ei slik stor sak må byrja på fagetaten vår.

Rådmannen ser likevel opplagt verdien både for verksemda og kommunen at infrastruktura er brukande oppe og går.

I denne fasen legg me opp til å gje tilskot primært til opparbeiding av parkeringsplassar for bilar og til høveleg plass for ein buss - avrunda til kr. 120.000,»

I saka har rådmannen lagt vekt på at det er ein krevjande infrastruktur og at det isolert sett kan vera god argument for å ta opp spørsmål om kommunal overtaking av heile vegen. Det vart samstundes vist til at det i så tilfelle må vurderast i ein større samanheng og ikkje kunne takast som ei einskild sak. For å likevel imøtekoma på næringa og dei fastbuande så vart det gjort ei løyving på kr. 120.000 for å løysa dei umiddelbare infrastrukturelle problema. Kommunen tok ikkje på seg driftsansvaret for vegen. Det vart seinare estimert at tilskotet utgjorde rundt 50 % av den samla investeringa, men det vart aldri gjort føresetnader knytt til prosentvis dekning.

Laukhammer Fritid

I si handsaming av søknad frå Haaheim Gaard vart rådmannen inne på at slike saker kan gje uventa presedensar. Dette vart då også tilfelle då saka sin tur gav grunnlag for søknaden frå Laukhammer Fritid. Dei søkte om støtte til parkeringsplass tilknytt verksemda med direkte referanse til handsaming av søknaden frå Haaheim Gaard. Det vart då søkt til prosentvis tilsvarande beløp som vart tildelt Haaheim.

I rådmannen si vurdering av søknaden frå Laukhamar Fritid, sak 10/14, er følgjande moment sentrale:

«Verksemdene Haaheim Gaard og Laukhamar Fritid er relativt sett nye tiltak i Tysnes kommune. Begge verksemdene er ønskte i kommunen. Dei er bra for kommunen og ikkje minst for dei som bur i kommunen – og andre - det vere seg på både det praktiske-, sosiale- og marknads-/PR – messige plan. Begge verksemdene har starta opp i «det små» og dei har på kort tid klart å utvikla seg og bygd seg opp både på det materielle- og det innhaldsmessige planet.

Sjølv om verksemdene stort sett driv innan same «sjanger», har dei kvar sine spesialitetar/nisjeområde. Dei er ikkje konkurrentar i eit nærrområde – til det er avstanden mellom Håheim og Laukhamar for stor. Kortaste strekkja er om lag 30 km på middels god og heller dårleg offentleg veg. Dei siste partia fram til etablissementa går på private vegparsellar. Den private gardsvegen frå kommunevegen på Laukhamar og opp til Øvre Laukhamar har ei lengde på ca 600 m og er til dels bratt og smal. – Rett nok er avkøyringa frå kommunevegen utbetra i den seinare tid. Dette gjer det enklare å ta seg fram til Laukhamar Fritid også med større køyretøy som bussar og liknande.

Til liks med det som vart halde fram i sak 34/10 om den kommunale vegen til Dalen, kan me sei at stor aktivitet på Laukhamar Fritid kan medføra følgeskader og dermed utgifter på den kommunale vegen frå Skorpetveit til Laukhamar. Veggen er også her smal, svak og med få møteplassar.

Haaheim Gaard er lokalisert ikkje lite meir sentralt i kommunen enn Laukhamar Fritid. Verksemdene ligg likevel begge litt bortgøymte og «avsidet». Dette er samstundes noko av sjarmen med begge tiltaka.

Initiativtakarane og dei daglege drivarane ved begge desse restaurant- og selskapsføretaka er eigarane sjølve. Så godt som ingenting er for lite ei heller for stort for desse personane til å ta i ferde med og få sett ut i livet! Dei er eldsjelar med tru på det dei driv med. Dei har utvist stor kreativitet og skaparevne.

Begge verksemdene har i liten grad søkt hjelp av kommunen. Haaheim Gaard fekk tilskotet på kr 120.000,- til infratrakturtiltak i nærområdet i 2010. Tidlegare same året gjorde formannskapet slikt vedtak i sak «Verdivurdering av landbrukseigedom med planlagde investeringar innan bygdeturisme – gnr. 63, bnr. 1 – Håheim»:

«Tysnes kommune dekker takseringskostnadene med kr. 10.969,- inkl. moms i høve taksten siv.agr. Arne Aksnes føretok i januar 2010.

Utloga på kap. 1.1100.1001.4700.»

Ifølgje opplysningar frå Innovasjon Norge, Hordaland, var det fastsett i forskrift at kommunen skulle dekke ein slik takseringskostnad.

Me kan ikkje sjå at Laukhamar Fritid har søkt om eller fått noko økonomisk hjelp frå kommunen.

I søknaden vert det uttrykt ønskje om å få eit tilskot prosentvis tilsvarande den summen som vart tildelt Haaheim Gaard. – Me finn ikkje å gå inn med detaljerte prosentutrekningar, for sakene er sjølvsagt ikkje «på ein prikk like». - Det er dessutan langt frå automatikk i at desse verksemdene skal få økonomisk stønad frå kommunen til å opparbeida areal for parkering o.a. i nærområda sine. Men har kommunen først gjeve tilskot til ei slik verksemd som ligg litt «klure» til utanom allfarveg, ja, då kan mang slags prinsipp vert brotne om ikkje også ei anna som ligg minst like «klure» til o.s.v. søker om hjelp og får avslag!! – Sjølv om dette er næringsverksemdar som er med å skapa vekst, miljø, PR og omdøme for heile tysnessamfunnet, vert den «hjelpande handa» frå kommunen primært knytt opp til det heilt særeigne, «perifære» og unike ved desse tiltaka. Dei er fyrtårn som lyser opp i eit elles karrig kulturelt landskap langt ute på bygdene - og med kvalitetar kvar for seg som me knapt har sett maken til!

Desse verksemdene må sjåast som naturlege delar av kommunen si turist- og reiselivssatsing. Infrastrukturtiltaka med parkeringsareal o.a. er med og vidareutviklar og legg til rette for at føretaka på betre måtar kan ta mot vitjing av større reiselag som kjem med turbussar og liknande. Desse investeringane er med og opnar opp for at Tysnes vert tilgjengeleg på same vis som gjestehamninvesteringa i Våge har gjeve ein

mykje betre innfallsport til Tysnes. Alle desse tiltaka gjev i første fase mest til dei næringsverksemdene som ligg nærast, men i sum vert dette ei mykje breiare og betre reiselivssatsing for kommunen totalt sett.

I inneverande års budsjett er det smått med midlar til tilleggsøyving. Me har derfor valt å henta midlane frå fond.»

Under handsaminga av saka sette representanten Vidar Høviskeland fram slikt framlegg som vart teke inn i det endelege vedtaket:

«Kommunestyret ber om at det vert gjort ei vurdering kring støtte til denne type infrastrukturtiltak i kommunen sin reiselivsplan.»

Tysnes kommune har ennå ikkje noko reiselivsplan med vurdering av slike infrastrukturtiltak.

Vurdering av søknad frå Mandelhuset Eigedom AS

I det ovanståande har me vist til kva moment som vart lagt vekt på i samband med dei tilskota som Mandelhuset Eigedom AS viser til og som på mange måtar er grunnlaget for søknaden. Ser me dei ulike sakene opp mot einannan ser me at det er både likskaper og ulikskaper dei tre sakene i mellom.

Det som er likt er at dei tre verksemdene representerer viktige element i det som gjer Tysnes til eit attraktivt reisemål, men dei er også med å gje attraktivitet for dei som bur i kommunen. Dei er alle ønska og har stor verdi på både det praktiske, sosiale og marknadsmessige planet. Mandelhuset er ein viktig innfallsport til Tysnes som lokasjon og har på eit svært god måte drifta turistinformasjonen på Tysnes sist år.

Ingen av verksemdene kan heller seiast å vera bygd opp gjennom kommunale støtteordningar, men har vist seg vitale i eiga kraft.

Alle dei tre verksemdene har behov for å finna gode løysingar med omsynt til parkering.

Det kan likevel ikkje stikkast under ein stol at dei tre verksemdene også har skildnader som er av vesentleg art for denne saka. Ein del av dei prinsipielle skildnadene vart trekt opp då Mandelhuset ved tidlegare høve søkte om tilskot til parkering på sjø. I 2015 søkte Mandelhuset om støtte til «parkeringsplass» på sjø i form av tilskot til utlegging av ei 18 meter betongbrygge, til ein samla kostnad på kr. 245.300. Dei søkte om tilskot tilsvarande 35 % av totalkostnaden. I søknaden heitte det mellom anna:

«Me meiner at denne utvidinga stiller i same kategori som parkeringsinvesteringa til Laukhamar Fritid og Haaheim Gaard. Situasjonen har endra seg sidan oppstarten av Mandelhuset DA, seinare A/S. Tysnes var i 2005 utan serveringstad, og i dag har me fleire godt etablerte stader.»

Dette var såleis den andre «avleggjaren» til ei sak som egentleg var knytt til søknad om å omklassifisera frå privat til kommunal veg som følgje av endringar i føresetnader frå 1980 talet til 2010.

Rådmannen gjorde då ei drøfting som i prinsippet har direkte overføringsverdi til den søknaden som no ligg føre:

«Mandelhuset har heile tida vore lokalisert i Våge sentrum og har såleis nytt godt av dei ulike infrastrukturiltaka som har vorte gjorde der. Ikkje minst var gjestehamninvesteringa som vart» avduka» i 1995 eit stort pluss for dei som dreiv der då. Seinare har gjestehamna vorte ytterlegare vitalisert og gjeven auka kapasitet gjennom Våge Hamn A/S.

Kommunekaien i Våge og gjestehamna har vore gode «støttespelarar» for dei som dreiv Mandelhuset både før og etter 2005. Etableringa av gjestehamna var eit spleiselag mellom Tysnes kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. Hamna gav kaiområdet /innfallsporten til Våge eit betydeleg «ansiktsløft». Gjestene i form av båtturistar og andre forbifarande strøymde etterkvart til Tysnes/Våge i eit heilt anna tempo og omfang enn det me hadde sett-, ja, det som hadde vore mogleg, tidlegare. No var det verkeleg lagt til rette å besøkje handelssenteret i kommunen med båt. Gjestehamna med sine fasilitetar er næraste «nabo»/ligg «vegg i vegg» med Mandelhuset. Investeringa utgjorde rundt 2 mill kr for 20 år sidan.

Sjølv om det ikkje er raust med parkeringsplassar på/ved kaiområdet i Våge, har dette saman med dei plassane som er i resten av sentrum likevel langt på veg vore tilstrekkeleg for kundane/gjestene på Mandelhuset. Kombinasjonen mellom dette og auka kai- og gjestebryggekapasitet har gjort tilgjenget rimeleg bra for publikum.

Me skal og ha med oss følgjande føring frå kommunestyret sitt vedtak i sak 10/14:

«Kommunestyret ber om at det vert gjort ei vurdering kring støtte til denne type infrastrukturiltak i kommunen sin reiselivsplan.»

Kommunen har ikkje ein «aktiv» reiselivsplan. Det vil såleis i beste fall ta noka tid før ein oppdatert plan kan koma opp og gå.

Tysnes kommune har ingen retningsliner eller regelverk knytt opp til korleis søknader om tilskot til slike føremål skal handsamast med eventuelle tildelingsføringar. Det er heller ingen vedtak som seier noko om at det kan søkjast om kommunale tilskot til slike føremål.

Søklarane meiner at det omsøkte tilskotet til å utvida kaitilbodet deira stiller i same kategori som parkeringsinvesteringane til Haaheim Gaard og Laukhamar Fritid. - Me kan følgja tankegangen deira eit stykke på veg! Her er likevel både spørsmål, føresetnader og skilnader som dreg i retning av at det er langt frå opplagt at me bør sidestilla parkeringsplassar for bilar på landjorda med båtparkeringsplassar langs/ved ein kai.

Historisk er det slik at eigedomen til Mandelhuset A/S har vore ein rein eller blanda næringsseigedom i årtider. I dei rundt rekna siste 20 åra har plassen vore driven som ein mat-, skjenke- og overnattingsplass i kombinasjon med ulike arrangement. Før den tid var eigedomen ei blanding av landhandel og bustad. Haaheim Gaard og

Laukhamar Fritid har gjennom i underkant av dei 10 siste åra vorte utvikla frå grunnen av til noverande føremål.

Under føresetnad av at Mandelhuset hadde lagt like «klure» til som dei to verksemdene dei samanliknar seg med, og at det ikkje var nokon allfarveg nær Mandelhuset – at dei med andre ord kun hadde sjøvegen som knutepunkt mot omverda, ja, då burde me nærma oss det punktet at me kunne likestillta «parkeringsplassar» på sjøen med dei to som har fått opparbeidingstilskot til parkering på land.

Næringsverksemda Mandelhuset A/S og tidlegare næringsstiltak på same eigedomen har i alle år vore lokaliserte sentralt i kommunen, i handelssenteret og i kommunikasjonsknutepunktet for ferje og hurtigbåt mot nord og det interne bussambandet i heile kommunen. Den noverande verksemda har nok ikkje motteke direkte stønad frå kommunen. Etablering av ei stor gjestehamn i Våge har ivareteke noko av tilsvarande funksjon som parkeringsplassen på Haaheim og Laukhamar. Området har gjennom dette eit relativt godt tilgjenge for dei som kjem sjøvegen.

Kundane/gjestene har kome og kjem til Mandelhuset både fordi det er ein kjent og kjær sentral møteplass som er relativt lett å nå både til lands- og til vanns. Plassen ligg som nemnt tett til knutepunktet for all offentleg kommunikasjon til-/frå- og i kommunen.

Då kommunestyret i sak 10 2014 i vedtaksform bad om at det måtte verta gjort ei vurdering kring støtte til denne type infrastrukturiltak i kommunen sin reiselivsplan, hadde dei knappast i tankane at «denne type infrastrukturiltak» var relevant der tilgjenge allereie er så godt som i Våge.

Mandelhuset A/S gjev eit svært viktig bidrag til utelivsbransjen og det sosiale liv i kommunen. Dei som driv Mandelhuset gjer dette med hjarte for Tysnessamfunnet vel så mykje som eit snevert «profittjag». Dagens eigarar fortener ros for at dei har gjort Mandelhuset til ein viktig sosial og kulturell institusjon.

Tysnes kommune gjev honnør til Mandelhuset A/S for deira aktive og positive haldning i og for lokalsamfunnet.

Like saker skal i utgangspunktet handsamast likt. Det er få saker i denne «kategorien» som er heilt like, sjølv om det gjeld parkeringsplassar på land. Det avspeglar seg og i vedtaka som vart gjorde om tilskota til Haaheim Gaard og Laukhamar Fritid. – Saka som er under handsaming her kan seiast å «slekta» på dei sakene som var til handsaming i kommunestyret i 34/10 og 10/14. Saka er likevel langt frå lik dei to andre, og det vil etter rådmannen si vurdering vera å strekkja strikken for langt å vera samd med søkjar i «-at denne utvidinga stiller i same kategori som parkeringsinvesteringa til Laukhamar Fritid og Haaheim Gaard.»»

Med bakgrunn i ovanstående vurderingar gjorde rådmannen slik innstilling i saka:

«Tysnes kommune har ikkje vedtak, retningsliner eller føringar som kan underbyggja ein søknad som den her føreliggjande.

Verksemda Mandelhuset A/S er lokalisert sentralt i kommunen med dei føremonene det inneber. Søknaden om tilskot til flytebrygge kan vanskeleg stillast i same kategori som tilskota til parkeringsplassar til dei meir perifert plasserte verksemdene Haaheim Gaard og Laukhamar Fritid. Sakene har få likskapspunkt.

Søknad om tilskot vert ut frå premissa i denne ska ikkje stetta.»

Saka var sett på sakskartet til formannskapet 25. mars i 2015, frå formannskapet si førehaving av saka i dette møte står det som følgjer å lesa i protokollen:

«Ordføraren understreka at Mandelhuset si verksemd i Tysnes er svært viktig og at det såleis ikkje er vanskeleg å uttrykkja si stønad til saka. Ordføraren ønskte å utsetja saka og invitera Mandelhuset til eit møte for å gå gjennom sine planar.

Ordføraren sette fram slikt framleg til vedtak:

«Saka vert utsett og søkjar vert invitert til å gå gjennom sine planar for verksemda i neste møte i formannskapet 22. april.»

Framlegg til utsetjingsvedtak vart samrøystes stetta.»

Saka vart såleis utsett til 22. april 2015 og tiltakshavar ba då om at saka vart trekt og søknaden vart såleis ikkje handsama vidare.

Når dette er sagt så er det også slik at det er mange ting som vert sagt i eit møte som ikkje utan vidare er lett å finna tilbake til i protokollen. I møte 22. april la Mandelhuset ved Patrick Madsen fram sine planar for utvikling av Mandelhuset. Formannskapet omfamna villig desse planane og oppmoda søkjaren om å koma tilbake på eit seinare tidspunkt. No kan me snu kalendaren ganske nøyaktig to år fram og det ligg no då føre ein ny søknad frå Mandelhuset Eigedom AS.

Rådmannen vil hevda at kommunen har prøvd å yta ein positiv medverknad til Mandelhuset si utvikling både gjennom arbeidet med sentrumsplanen for Våge, tilnærming til byggjesaka og generelt i vår rolla som plan og forvaltningsmynde. Dette gjev likevel lite tilskot til ein «pengkasse» som heilt sikkert merkar godt at det er gjort store investeringar for ei relativ lita verksemd.

I samband med søknaden om parkeringsplassar på sjø vart det hevdast at trass i at denne saka «slekta» på kommunestyre sine saker 34/10 og 10/14, kunne det ikkje hevdast at utvidinga var i same kategori som investeringane på Laukhamar Fritid og Haaheim Gaard. Den sentrale vurderinga og skildnaden er at medan desse ligg vanskeleg tilgjengeleg med minimalt av offentleg infrastruktur og at dei begge har tilkomst via privat veg, så ligg Mandelhuset sentralt plassert tett til knutepunktet for all offenleg kommuniasjon til og frå kommunen vår. Dei særskilte omstenda som var til stades i dei to andre sakene er rett og slett ikkje til stades i denne saka. Såleis er det rett å sei at Tysnes kommune ikkje har vedtak som stør opp under den føreliggjande søknaden. Tysnes kommune har heller ikkje retningsliner eller andre føringar som kan underbyggja søknaden.

Rådmannen meiner at vurderingane som vart gjort opp mot søknad om etablering av parkering til sjø er så prinsipielle at dei også dekker dei sentrale momenta i høve til denne søknaden.

Det må også understrekast at dei to sakene som er drøfta her ikkje gjev formell presedens uansett.

Ut frå ei samla vurdering og dei særmerket føringane som vart gjort i premissa for kommunestyresakene 34/10 og 10/14 vert det gjeve slik innstilling:

... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Verksemda Mandelhuset A/S er lokalisert sentralt i kommunen med dei føremonene det inneber. Føresetnadene som ligg til grunn for verksemda avvike vesentleg frå dei føresetnadene som låg til grunn for handsaming av søknader knytt til Haaheim Gaard og Laukhamar Fritid.

Søknad om tilskot vert ut frå premissa i denne saka ikkje stetta.

::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)